

Notat

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutval for kultur

Søknader om spelemidler 2014

Innan fristen 15. januar 2014 mottok vi 189 søknader fordelt på 38 søknader til nærmiljøanlegg og 149 søknader til ordinære anlegg. Dette er to færre søknader enn året før.

Fylkesdirektøren har hatt ein grundig gjennomgang av innkomne søknader om spelemiddeltilskot til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i 2014.

For nærmiljøanlegg vart 27 av 38 søknader godkjend med samla godkjend søknadssum på kr. 6 276 000.

For ordinære anlegg vart 108 av 149 søknader godkjende med samla godkjend søknadssum på kr. 115 123 000.

Anlegg for friluftsliv sorterer under ordinære anlegg, og 5 av 10 søknader vart godkjend i år og desse har prioritet ved tildeling jf. regional plan.

Melding om samla tilskot får vi i månadsskiftet april/mai. Sak om tildeling vert lagt fram for hovudutvalet på møtet 27. mai.

For søknadsåret 2014 vart 72 % av søknadene godkjende mot 90 % i 2013.

Fleire av søknadane for 2014 har mangelfulle vedlegg, blant anna knytt til finansiering, manglande rett til bruk av grunnen, eller oppfyller ikkje alle kriteria for rett til spelemiddeltilskot. Mykje av dette har søkjar høve til å få retta opp til søknadsrunde for 2015.

Vi har i 2013 sett i verk tiltak for å auke kompetansen hjå både søkjarar og kommunar for å heve kvaliteten på søknader med kurs både i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Dette vil vi også styrke i 2014 og vi har valt å flytte kursa til vårparten i staden for haust for at både søkjar og kommunar skal ha tilstrekkeleg tid til å behandle søknadene.